

**Notat**

Dato: 04.07.2016
Arkivsak: 2014/12111-12
Saksbehandlar: gurklyv

Til: Rune Haugsdal, Fylkesrådmann
Frå: Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

Nye Åsane vgs. Samanslåing av to bruksnummer.

Fylkestinget godkjente den 10.03.2015 kjøp av ei tomt på knapt 2 mål frå Bergen kommune. Parsellen ligg inntil fylkeskommunen sin skuleeigedom U.Phil vgs.

Kjøpet av parsellen var naudsynt for å få stor nok skuletomt ved bygging av den nye vidaregåande skulen i Åsane.

Parsellen er no frådelt kommunen sin eigedom og er oppretta som ei ny matrikkeleining; gnr. 188 bnr. 497 i Bergen kommune. Skøyte frå Bergen kommune er tinglyst og Hordaland fylkeskommune er heimelshavar til tomta.

Både den nyoppretta eigedomen og gnr. 189 bnr. 215, som U. Phil vgs. nyttar i dag, er regulert til undervisning. Tomta er skravert på vedlagte utsnitt av reguleringsplanen.

Sidan begge areala skal vere del av Nye Åsane vgs., bør dei slåast saman til ein eigedom.

Vilkåra i matrikkellova for å slå saman dei to einingane er til stades.

Vi ber om at skjemaet «Krav om samanslåing av tinglyste matrikkeleininger» vert signert. Fylkestinget har i delegasjonsreglementet punkt C *Delegasjon etter særlov*, i underpunkt 37 om matrikkellova, fastsett at fylkesrådmannen har fullmakt til å krevje samanslåing av eksisterande matrikkeleininger.

Eigedomsavdelinga vil deretter sende skjemaet til Bergen kommune saman med ei grunngjeving for kravet om samanslåing.

Guro Klyve
Eigedomsavdelinga

Vedlegg